

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår dato:** 12.04.2024

**Vår ref.:** 202406082-2 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:** 2022/1934

## **Uttalelse på varsel om oppstart - Frivillig vern av skog - Bermål naturreservat - Lærdal kommune**

Vi viser til melding om høring om verneprosess for *Bermål* naturreservat

**NVE har sett gjennom meldingen for det foreslalte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.**

- Det foreslalte verneområdet grenser på nordsiden nettanlegg driftet av Sygnir AS som er også områdekonsesjonærer. Den foreslalte forskriften har standard bestemmelser for energi og kraftanlegg. **NVE ber Sygnir AS om å informere om disse tilpasninger er tilstrekkelige for drift, vedlikehold og oppgradering av eksisterende eller planlagte nettanlegg.**
- Det er digitalt kartlagt potensial for små vannkraftverk innenfor det foreslalte verneområdet. Småkraftpotensialet utgjør 1,98 GWh/år med en utbyggingskostnad på ca. 4,64 NOK/kWh (2023-kostnadsnivå). **NVE ber statsforvalter om å orientere grunneierne om vannkraftpotensialet.**

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen  
Konsulent

Godkjent av Maria Sidelnikova  
Seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

### **Mottakerliste:**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

**Kopimottakerliste:**

LÆRDAL ENERGI AS  
Energidepartementet  
SYGNIR AS

Fra: Vidar Øvretun[Vidar.Ovretun@sygnir.no]  
Sendt: 12.04.2024 14:25:29  
Til: Knagenhjelm, Maria[maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no]  
Kopi: Christian Rumohr Gjerde[christian.gjerde@sygnir.no];  
Tittel: Oppstart av frivillig skogvern på Bermål i Lærdal kommune

---

Hei!

Viser til oppstart av frivillig skogvern på Bermål i Lærdal kommune.

Det går 22 kV høgspentlinje langs vernegrensa mot sjøen. Sygnir har ikke planar om oppgradering eller endring på 22 kV høgspentlinja i det aktuelle området. Vernegrensa bør ligge 7,5 meter fra senterlinja i linjetraseen, då klausulert ryddebelte er 15 meter(2 X 7,5 meter fra senterlinje).

Med venleg helsing

Vidar Øvretun  
- Sygnir AS -



Telefon direkte: +47 91708418  
E-post: [Vidar.Ovretun@sygnir.no](mailto:Vidar.Ovretun@sygnir.no)  
Sentralbord: 57 69 86 03  
[Sygnir.no](http://Sygnir.no) / [post@sygnir.no](mailto:post@sygnir.no)



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dato: 01.07.2024  
Vår ref: 24/01709-4  
Dykkar ref: 2024/4773

### Fråsegn til høyring av frivillig skogvern av Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 6. mai 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemnd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

#### Om saka

Statsforvaltaren i Vestland har sendt framlegg om frivillig skogvern for Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune (tidlegare omtalt som Bermål naturreservat). Skogvernprosessen gjeld eit areal på 5412 dekar på gards- og bruksnummer 46/1 og 47/1 i Lærdal kommune. Bermålsnosi naturreservat vil grense mot Kvitingsmorki naturreservat i Årdal kommune.

#### Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn til melding om oppstart av verneplanprosessen 12. april 2024. Her informerte vi om at verneområdet grensar til pukkførekomsten Muggelia og masseuttaket Muggeteigen som har driftskonsesjon etter minerallova. DMF bad Statsforvaltaren vurdere om ei mogleg utviding av masseuttaket kunne kome i konflikt med vernet. Vi tilrådde òg at verneområdet ikkje blir utvida slik at vernet kjem i konflikt med den registrerte pukkførekomsten og den pågående drifta av masseuttaket.

I sin kommentar til innspelet gjer Statsforvaltaren greie for at vernegrensa er tilpassa mineralførekomsten, og at det ikkje er planar om utviding av naturreservatet i dette området. Statsforvaltaren vurderer at mineralførekomsten har potensiale for framleis å kunne utnyttast i mange år og ser ingen konflikt mellom mineralutnyttinga i Muggelia og skogvernområdet.

DMF reknar våre merknadar til melding om oppstart som imøtekommne og har ingen vidare innspel til verneframlegget.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Henning Sigstad  
rådgjevar

Arita Eline Stene  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland      Njøsavegen 2      6863 LEIKANGER

Kopi til:



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dato: 12.04.2024  
Vår ref: 24/01709-2  
Dykkar ref: 2022/1934

## Fråsegn til melding om oppstart av frivillig vern av skog ved Bermål i Lærdal kommune

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 22. mars 2024.

### Om DMF

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemnd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i vernesaker etter naturmangfaldslova.

### Om saka

Statsforvaltaren i Vestland har varsle oppstart av frivillig skogvern for eit nytt naturreservat ved Bermål i Lærdal kommune. Skogvernprosessen gjeld eit areal om lag 5420 dekar stort på gards- og bruksnummer 46/1 og 47/1 i Lærdal kommune. Bermål vil grense mot Kvitingsmorki naturreservat, som i dag ligg innanfor grensa til i Årdal kommune.

### Fråsegn frå DMF

Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ei langsiktig forvalting av desse ressursane er derfor viktig. Om ressursane blir bygd ned eller gjort utilgjengeleg på anna måte, er dei i mange tilfelle utilgjengelege i overskodeleg framtid. Verneplanar vil i dei fleste tilfelle gjere mineralressursar utilgjengeleg for framtidig utvinning.

DMF har tildelt driftskonsesjon etter mineralloven den 10. august 2021 til uttaket Muggeteigen. Her drivast uttak av knust fjell frå pukkførekomensten Muggelia<sup>1</sup>. Førekomensten si betydning (verdi) er ikkje vurdert av Norges geologiske undersøking (NGU).

Etter DMF sin vurdering, kjem ikkje forslag til verneområde til Bermål naturreservat i direkte konflikt med uttaket, slik det no føreligg. DMF vurderer likevel at det føreslegne verneområdet kan ligge i eit potensielt utvidingsområde til uttaket. Det kan

<sup>1</sup> [https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=227395](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=227395)



sjå ut til at verneområdet allereie er tilpassa uttaket. Det må likevel vurderast og omtalast kva for konsekvensar vernet vil ha for ei mogleg utviding av uttaket, og om det er gjort tilstrekkelege tilpassingar for å mogleggjere ei seinare utviding av uttaket. Dersom Statsforvaltaren meiner mogleg utviding av uttaket er i strid med hensikta til vernet, må det gjerast ei vurdering av verneverdien opp mot verdien av ei eventuell utviding av masseuttaket.

DMF er oppteken av at mineralressursar som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir teke omsyn til i verneprosessen. DMF tilrår derfor at avgrensinga til verneområdet ikkje utvidast slik at vernet kjem i konflikt med den registrerte pukkførekomensten og den pågåande drifta av masseuttaket.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach  
seniorrådgjevar

Arita Eline Stene  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland      Njøsavegen 2      6863 LEIKANGER

Kopi til:

Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Vår dato: 12.04.2024  
Vår referanse: 24/30277 - 2  
Deres dato: 20.03.2024  
Deres referanse:

## **Innspel til oppstart av frivillig vern av skog for Bermål som naturreservat i Lærdal kommune**

Vi viser til dykkar brev av 22.3.2024 med melding om oppstart av prosess for verneplan for Bermål naturreservat i Lærdal kommune.

Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

### **Grundig beskriving av området**

Av høyingsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksføremål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyingsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- Traktorveg i samband med jordbruk
- Støl/seterområde
- Beite
- Reindrift

### **Utforming av forskrift**

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyingsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifa kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyingsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband

med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindriftsfaglege kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.

### **Avveining mellom skogbruk og skogvern**

I oppstartsmeldinga m/vedlegg kan ikkje Landbruksdirektoratet sjå at statsforvaltaren har lagt ved skjema for avveining av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang. Me skulle gjerne sett desse vurderingane og den endelige plasseringa av området i avveiningsmatrisa i forkant av oppstartsmeldinga.

Med helsing  
for Landbruksdirektoratet

Fredrik Vaadal  
rådgiver

Mottakere:  
Statsforvaltaren I Vestland

Statsforvaltaren i Vestland  
Maria Knagenhjelm

Dykkar ref.  
2022/1934

Vår ref.  
20/41-94/KES

Dato  
09.04.2024

## Lærdal kommune – eit nytt verneområde på indre delen av Strendene – tilrådd namneform

Me syner til eit brev som Maria Knagenhjelm hjå Statsforvaltaren i Vestland skrev til Språkrådet og til andre høyringspartar 22. mars i år.

Det verneområdet som det er tale om i denne saka, dekkjer ein stor del av gnr. 46 og 47 i Lærdal kommune. I SSR er namnet på gnr. 47 registrert med skrivemåten *Bermål* som eineform. I den gjeldande matrikkelen er gnr. 46 ført opp med namneforma *Muggeteigen*. Dette namnet finst òg i SSR, men det er der registrert som eit teignamn.

I dei førebelsene planane er *Bermål* nytta som arbeidsnamn på verneområdet. Me tenkjer at det vil vera uheldig å nytta eit områdenamn som tek utgangspunkt i berre eitt av to aktuelle gardsnamn.

Fjellnamnet *Bermålsnosi* vil vera eit laglegare namn å leggja til grunn for områdenamnet. Den øvre grensa for verneområdet går over toppen på det fjellet det er tale om her. (Områdegrensa fell på denne staden saman med ein del av grensa mellom kommunane Lærdal og Årdal.) *Bermålsnosi* er ein ruvande fjellformasjon i området, og fjellet er godt synleg i ein vid omkrins. Grensa mellom dei to nemnde gardane endar på toppen av fjellet.

Me tilrår at verneområdet får namnet **Bermålsnosi naturreservat**. I SSR er skrivemåten *Bermålsnosi* registrert som ei eineform.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal  
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims  
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**

Statsforvaltaren i Vestland

**Kopi til:**

Kartverket

Postboks 600  
Sentrum 3507 HØNEFOSS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår dato:** 24.06.2024

**Vår ref.:** 202406082-4 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:** 2024/4773

## **NVEs uttalelse til høring - Frivillig skogvern - Bermålsnosi / Bermål naturreservat - Lærdal kommune**

Vi viser til melding om høring om verneprosess for [Bermål naturreservat](#)

**NVE har sett gjennom meldingen for det foreslalte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.**

- Det går en 22-kV-linja langs grensen til verneområdet. Standardbestemmelser for energi- og kraftanlegg er tatt med i forskriften. Statforvalter har tatt Sygnirs ønske til etterretning og sørger for at vernegrensa ligg minst 7,5 meter unna senterlinja på høgspentlinja.
- Grunneier har blitt orientert om vannkraftpotensialet innenfor det foreslalte verneområdet.
- **NVE kan dermed ikke se noen gjenstående konflikt med energiinteresser innenfor Bermål.**

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen  
Konsulent

Godkjent av Maria Sidelnikova  
Seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

### **Mottakerliste:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**Kopimottakerliste:**

Energidepartementet

SYGNIR AS



## Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:  
24/118420-2

Dykkar referanse:  
Vår dato:  
15.05.2024

### Svar – høyring av frivillig skogvern, Bermålsnosi (Bermål) naturreservat i Lærdal kommune

Vi viser til brev datert 06.05.2024, og til vår fråsegn til melding om oppstart datert 24.04.2024.

Statsforvaltaren i Vestland har lagt framlegg til frivillig skogvern av Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune. Verneområdet grensar mot Årdal kommune og mot Kvitingsmorki naturreservat som det no vert jobba med utviding av. Vi kom med fråsegn til oppstart av dette arbeidet i brev datert 14.05.2024.

#### Statens vegvesen si uttale i saka

Det er ikke riksveg nær det aktuelle verneområdet. Fylkesveg 53 går langs grensa av det tenkte planområdet. Vestland fylkeskommune som vegeigar vil kunne ha konkrete merknader til vernet.

Fylkesvegen går gjennom potensielt skredfarleg område og med registrerte skredhendingar. Det må takast med reglar i verneforskrifta som sikrar at det kan gjennomførast naudsynte sikringar mot skredfare. Ut over dette har vi ikke merknader til oppstartsmeldinga.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Saksbehandler: Johannes Dahl Sundal  
Saksbehandlers tlf.: 97068155  
Deres ref.: 2024/4773  
Vår ref.: 2024/1359-2

13.05.2024

### Høringsuttalelse - Frivillig skogvern - Bermålsnosi (Bermål) - Lærdal kommune

Framlegg til frivillig skogvern av Bermålsnosi naturreservat ved Lærdal kommune i Vestland fylket berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har dermed ingen merknader til opprettelse av gitt verneområdet.

Med vennlig hilsen

Rune Garberg

Johannes Dahl Sundal

Grunn- og rettighetserverv

Grunn- og rettighetserverv

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter



STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Saksbehandler: Hans Kristian Sørum  
Saksbehandlers tlf.: 47706759  
Deres ref.: 2022/1934  
Vår ref.: 2024/870-2

09.04.2024

**Høring - Frivillig skogvern - Bermål naturreservat - Lærdal kommune**

Oppstart av frivillig skogvern for nytt naturreservat på Bermål berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har dermed ingen bemerkninger til oppstart av frivillig skogvern.

Med vennlig hilsen

Rune Garberg

Hans Kristian Sørum

Grunn- og rettighetserverv

Grunn- og rettighetserverv

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter



## Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:  
24/77648-2

Dykkar referanse:  
2022/1934

Vår dato:  
24.04.2024

### Uttale – Frivillig skogvern ved Bermål i Lærdal kommune

Vi viser til brev datert 22.03.24.

Det blir varsle oppstart av arbeid med etablering av frivillig skogvern og naturreservat ved Bermål i Lærdal kommune. Naturreservatet skal omfatte rundt 5420 dekar og ligge ved utløpet av Årdalsfjorden. Avgrensinga i nordvest er fv. 53, og fjorden i området ved Beremålstunnelen. I søraust strekker verneområdet seg mot Beremålsnosi/høgfjellet.

Det er ikkje statlege vegar i eller direkte inn mot området, og vi har ikkje innspel til arbeidet med skogvern og etablering av naturreservat. Vi forventar at tilhøvet til fv. 53 blir avklara med Vestland fylkeskommune.

Transportforvaltning vest 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim